



**KFUK
KFUM**

ULSTEIN



Årsmelding 2018

www.ulsteinkm.no


Ulstein KFUK-KFUM

KFUK-KFUM er ei forkorting for Kristen Foreining for Unge Kvinner og Unge Menn.

Føremålet til Noregs KFUK-KFUM er å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

Vi er ein del av YWCA og YMCA – verdas største ungdomsrørsle. Ulstein KFUK-KFUM hører til Møre og Romsdal KFUK-KFUM, Noregs KFUK-KFUM og KFUK-KFUM-speidarane. Vi samarbeider tett med Ulstein sokn.

Ulstein KFUK-KFUM er eit aktivt lag for folk i alle aldrar som ønskjer å ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap. Vi held til på Fredheim i Ulsteinvik sentrum og har i dag i overkant av 400 aktive medlemmar.



Generalsekretær Øystein Magelsen under årsmøtet til Møre og Romsdal KFUK-KFUM.

Styret

Hovudstyret i Ulstein KFUK-KFUM

Magne Grimstad jr (2018–2019), styreleiar, tlf. 932 17 366 magne@osberget.no
Toril Vågen vattøy (2017-1019) , styremedlem
Anna Garnes Sæther (2017-1019), styremedlem
Edith Steinsvik (2018-2020), styremedlem
Silje Kiperberg Aksnes (2018-2020), styremedlem
Andreas Halle (2018-2020), styremedlem
Per Ove Osnes (2018-2019), styremedlem

Arnfinn Godø (2017–2018), varamedlem
Bjørg-Allis Haanes (2017–2018), varamedlem

Kasserar: Arnfinn Hanstad (2018–2019)
Revisor: Harald Nordal (2018–2019)

Bibeltimenemnd: Judit Grimstad Hatløy (2017–2018)

Husnemnda for Fredheim

Lidbjørn Vattøy (2018-2020)
Svein Rødseth 2017-2019
Erling Vågeskar 2018-2019
Merete Dragsund 2017-2019
Gunvor Grimstad 2018-2020

Hjelparar:

Sigbjørn Halle
Elfrid Kleven Hanstad

Valnemnda

Oddrun Hustad (2018-2019)
Jorunn Osnes (2018-2019)
Gunn Hofset (2018-2019)

Valperiodane står i parentes.

Styrearbeid

Styret har arbeid godt gjennom året. Magne Grimstad jr. blei ved årsmøtet valt til ny leiar i laget etter Jan Einar Roos. Grunna sjukdom gjekk Silje Kiperberg Aksnes inn som styreleiar frå mai til november. Ho har utført leiarvervet på ein særskilt god måte. Styret har handsama 33 saker i 2018. I hovudsak har det vore saker knytt til arrangement eller økonomi.

Det store arrangementet i 2018 var 40-årsjubileet til Ulstein Ten sing med stor markering i Ulstein kyrkje laurdag 7. april. Med Kirsti Pedersen Haugen som dirigent for jubileumskoret var det ei fullsett kyrkje med unge og gamle tensingarar som feira eit stort og viktig arbeid. Og mest av alt gledde det oss å sjå at 40-åringen framleis er vital og sterkt. Arrangementet blei avslutta med bursdagssong og bløtkake.

Saman med Ulstein kyrkjelyd blei haustsemester opna med semesteropningsgudsteneste søndag 26. august under Trebåtfestivalen. I etterkant av gudstenesta var det aktivitet på plenen utanfor Ulstein rådhus - 1000-årsstaden til Ulstein kommune. Det blei ei vellukka samling med matykt og aktivitetar.

Årets Fredheimbasar gav rekordstor inntekt med vel 100 000 kroner i inntekt. Basaren blei arrangert laurdag 3. november. God gammal åresal er framleis populært og samla mykje folket. Dei innsamla midlane er viktig for drifta av Fredheim.

Onsdag 12. desember fekk Fredheim og Ulstein KFUK-KFUM overrekt ei stor pengegåve på 175000 kroner frå Sparebanken Møre i høve 175 årsjubileet til banken. Banksjef Ellen Kvalsund i Sparebanken Møre skriv mellom anna i grunngjevinga: Svært mange i Ulstein har gode minner knytt til aktivitet på Fredheim, og kvar veke er ca 500 menneske innom for ulike fritidsaktivitær, kor, speidar eller i barnehagen. I tillegg vert det vakre sentrumsbygget nytta som forsamlingshus i høve mellom anna 17.mai, jul, bryllaup, barnedåp, konfirmasjon og gravferder. Dørstokken er lav, og bruksområda er mange. Huset vert nytta av gamle og unge og er eit positivt bidrag til gode møteplassar mellom menneske i kommunen.

Vi gler oss over at fleire ser det viktige arbeidet som vert gjort på Fredheim og i organisasjonen vår. Dette gir oss enno større frimodigheit til å utøve formålet vårt om å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

Magne Grimstad jr., leiar



Arrangement i 2018

Tensing-Jubileum

Feira fire tiår med tensing



Ulstein Ten Sing kunne ha fått namnet «Støpsel», om forslaget om å matche namnet til ungdomskoret «Kontakt» på Stranda hadde fått gjennomslag,

Slik gjekk det ikkje. På skipingsmøtet 7. april 1978 vart spørsmålet om namn utsett, etter at ei rekke useriøse forslag vart lagt fram på slutten av eit langvarig møte.

Tensingkoret fekk etter kvart namnet «Profil».

– Dei første åra var sterkt prega av ei framtredande kristen forankring, og tanken bak namnet var at koret skulle vere ein profil av Jesus, fortalte Magne Grimstad Jr. då han heldt eit historisk attersyn i samband med at Ulstein Ten Sing feira 40 år.

40-årsdagen vart feira med jubileumskor og gospelkveld på sjølvaste skipingsdagen, 7. april.

Jubileumskoret var sett saman av songarar frå dagens tensingkor i tillegg til tidlegare medlemmer som representerte så å seie heile koret si 40 år lange karriere.

Også repertoaret, som jubileumskoret lærte seg gjennom ei intensiv øving på Fredheim nokre timer før gospelkvelden i kyrkja, gjenspegla dei førti åra som har gått. Her var alt frå Andrae Crouch til Bjørn Eidsvåg, Sigvart Dagsland og Marthe Wang.

Det var dei to tidlegare dirigentane, Kirsti Pedersen Haugen og Sølve Styve Sæbø som tok hand om instruksjonen.

– Eg skulle eigentleg vere med på noko anna denne helga, men då eg fekk tilbodet om å vere med på 40-jubileet i Ulsteinvik måtte eg berre avlyse, seier Kirsti Pedersen Haugen energisk.

– Det er inspirerande å komme tilbake hit. Når det gjeld jubileumskonserten så ante eg ikkje kva vi gjekk til og kva vi kom til å ende opp med. Det tykkjer eg er kjempegøy!

Fleire av songarane og musikarane i orkesteret hadde reist eins ærend heim til Ulsteinvik for å vere med på jubiléet.

Gospelkvelden inneholdt også mykje allsong og fleire solistinnslag. På programmet stod også dagens Ulstein Ten Sing. Thorvald Grønli, mellom anna tidlegare krinssekretær i Sunnmøre krins av KFUK og KFUM, delte nokre ord for kvelden.

To tensingarar frå kva si epoke, Toril Vågen Vattøy og Erlend Fiskaa Ødegård, batt det heile saman.

Kvelden i kyrkja vart avslutta med song til det førti år gamle bursdagsbarnet og servering av bursdagskake, før dei frammøtte tok kvarandre i hendene og song velsigninga.

Henta frå Vikebladet 09.04.2018, skrive av Jorulf Myrene

Oppstartsgudsteneste 26. august



26. august var det felles oppstartsgudsteneste Ulstein sokn og Ulstein KFUK-KFUM. Dette markerte starten på ein haust med mange kjekke aktivitetar. Det var ei gudsteneste som passa godt for store og små, og etterpå var det felles grilling på Rådhusplassen med diverse aktivitetar/leikar. Dette var ei kjekk og sosial stund!

Fredheimsbasar laurdag 3. november 2018



Særs mange fann vegen til Fredheim denne laurdagen. På dagtid var det kafe, tombola og barnetime. I år som tidlegare år var det Tensing som hadde ansvaret både for å levere mat og å drifta kafeen. Speidarane hadde ansvaret for å levere gevinstar, og organisering og gjennomføring av tombolaen. Line Aksnes hadde barnetime. Ei stor takk til alle for ein strålande jobb!

På ettermiddagen var det basar med variert og godt program.

- Flott song av Korklubben
- Ord for dagen av Svein Rødset
- Kahoot ved Andreas Halle og Ruben Voldsun
- Pianospel til allsongane ved Ingrid Nerhol

Det var god tid til åresal, god prat og til ei lang matykt med nydeleg mat levert av K-gruppene våre. Gunvor Bjørdal Grimstad leia Fredheimbasaren på ein framifrå måte.

Kjekt at så mange kom innom Fredheim denne dagen. Det var fullt hus og stor stemning både på dagtid- og på kveldstid. Utruleg kjekt!

Alt i alt kom det inn **101.000 kr.**

Takk til alle som har bidrige på ulike vis-og til alle som har kome med gevinstar til tombola, basar og loddboer. Vi er overveldta over givargleda frå både privatpersonar, lokale butikkar og bedrifter. Det er i tillegg mange som gjer ein formidabel jobb både med førebuing og gjennomføring av desse arrangementa.

Ei spesiell takk til basarkomiteen gjennom mange år: Ingur Håheim Fjørtoft, Greta Håkonsholm, Inge Håkonsholm, Gunn-Randi Solstad, Hildegunn Lillebø

Fiskerstrand, Odd Arne Vikebakk, Bjørg-Allis Skare Haanes og Torill Vågen Vattøy. Takk og til Elfrid Kleven Hanstad og Arnfinn Hanstad som alltid stiller opp i samband med dette viktige arrangementet.

Adventsfest



DES. 8. Adventsfest på Fredheim!
Offentlig · Arrangør: Ulstein KFUK-KFUM

Adventfesten vart i år arrangert den 8. desember. Fredheimsalen var staseleg og festpynta, og ca 90 personar møtte med forventning i blikket. Det var i år ei god spreiling i alder på dei påmelde. Åge Grimstad leia kvelden på ein framifrå måte. Av innslag bidrog Ingrid Madli Sæter og Bjørnar Hovlid med eit flott musikkinnslag, Gunhild Snipsøy hadde ein fin refleksjon om å høyre til, og Arnt Ole Grimstad briljerte med eit humoristisk dikt. Det var også allsong undervegs i programmet. SUFH hadde levert eit nydeleg koldtbord med meir enn nok mat.

Komitéen bestod i år av ein flott gjeng eldsjeler, som grunna ein glipp ikkje fekk nokka formell takk under festen, men som difor nemnast med namn i årsmeldinga: Silje Grimstad Tvedt, Kristin Roa Nærheim, Una og Lars Erling Bjåstad Hovlid, Ole Terje og Hanne Marte Grimstad Sukka. Vi er mange som allereie gler oss til neste års adventsfest.

Jubileumsgåve frå Sparebanken Møre



I høve 175-årsjubileet til Sparebanken Møre, delar banken ut 175 000 kroner til prosjekt som bidreg til trivsel, vekst og utvikling i regionen. I kvar kommune i fylket banken er etablert, vil ein tildele 175 000 kroner til ein verdig mottakar i sitt område. I Ulstein var det Fredheim som blei funnen verdig.

Det var ein svært overraska leiar i Ulstein KFUK-KFUM, Magne Grimstad jr. som fekk ta i mot gåva frå banksjef Ellen Kvalsund i Sparebanken Møre. Grimstad skulle onsdag 12. desember overrekke ten sing ein takk for den flotte innsatsen i høvet årets basar, og så blei han og ten sing møtt av ein gavmild banksjef.

Her er grunngjevinga frå banksjef Ellen Kvalsund i Sparebanken Møre:

– Som ein aktiv og engasjert 175-åring er det kjekt å kunne vere med å sikre fortsatt liv og aktivitet i det over 100 år gamle Fredheim, som gjennom generasjonar har vore eit viktig forsamlingshus i hjartet av Ulsteinvik. Jubileumsgåva skal bidra til å ta eit tradisjonelt bygg inn i ei ny tid, med moderne utstyr og oppgraderte fasilitetar, for å gjere bygget meir tenleg for faste brukarar og gjestar.

– Svært mange i Ulstein har gode minner knytt til aktivitet på Fredheim, og kvar veke er ca 500 menneske innom for ulike fritidsaktivitear, kor, speidar eller i barnehagen. I tillegg vert det vakre sentrumsbygget nytta som forsamlingshus i høve mellom anna 17.mai, jul, bryllaup, barnedåp, konfirmasjon og gravferder. Dørstokken er lav, og bruksområda er mange. Huset vert nytta av gamle og unge og er eit positivt bidrag til gode møteplassar mellom menneske i kommunen.

Fredag-fredag

Det har blitt halde ope hus på Fredheim etter dei månadlege DRYPP-gudstenestene soknet arrangerer. Dette er sosiale kveldar med mykje prat, spelning, biljard og kiosksal av pizza, brus og snacks.

Stort sett godt oppmøte.

Årets datoar har vore: 2. februar, 16. mars, 6. april, 15. juni, 22. september, 24. november.

Anna Garnes Sæter og Edith Voksøy Steinsvik har hatt ansvar for kveldane.



Torsdagkveld på Fredheim

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. I 2018 satt desse personane i komitéen: Sama Haify for Ulstein NMS, Judith Grimstad Hatløy for Ulstein KFUK-KFUM, Bjørn Losvik for Ulstein sokn. Det vart arrangert 6 Torsdagkveld på Fredheim, 3 i vårsemesteret og 3 i haustsemesteret.

Vårsemesteret:

11. jan: Lutherframsyning i Ulstein kyrkje. Drama om den Lutherske reformasjonen. Ved staben i Ulstein kyrkje.

08. febr: Bibeltine ved Sjur Sæter. Tema: Lærersveinane sitt liv og virke. Om lærersveinrolla generelt, om dei 12 som vandra med Jesus, og nokre av dei 12 litt meir utførleg.

15. mars: Salmediktaren Eyvind Skeie tok oss med på ei salmerekise, der hans eigne salmar sto på agendaen. Blandakoret Hemingen var også med og framførte nokre av Skeie sine salmar. Kantor Ståle Helvig trakerte orgel og piano.

03. mai: Temakveld ved Liv Osnes Dalbakken: Utsatt til haustsemesteret.

Haustsemesteret:

20. sept: Kristin Norseth. Det norske misjonsselskap (NMS) hadde stemmerett for kvinnelege medlem allereie frå 1904, 9 år før kvinner fekk stemmerett ved stortingsval. Korleis har kvinneforeiningane i NMS vore med å bygge demokrati- og samfunnsutvikling? Korleis har denne historia påverka NMS sitt misjonsarbeid i andre land?

18. okt: Bibeltine v/ Margit Louise Holte: Korleis tru når livet byr på store utfordringar? Korleis møter vi kvarandre i kyrkjefellesskapet når nokon har store utfordringar i livet? Høyrer vi andre sitt rop?

23. nov: Liv Osnes Dalbakken: Kunsten å tru. Våren 2018 vann Liv ein kronikkkonkurranse i avisas Vårt Land, med kronikken Kunsten å tro. Vi har invitert Liv til samtale og felles refleksjon rundt temaet ho tok opp i kronikken. Når tru er nok til å bli frelst, kva då med den som ikkje klarer å tru?

For komiteen

Bjørn Losvik

Ulsteinvik, 15.02.2019.



KYRKJA.NO

Torsdagkveldane på Fredheim startar opp att!

Denne veka tek torsdagkveldane til att for denne hausten, eit samarbei...

Årsmeldingar frå einingane

Ulstein KFUK-KFUM er velsigna med eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge –og ikkje minst til mange vaksne som har eit viktig nettverk gjennom Ulstein KFUK-KFUM. Store flokkar tek del i speidararbeid, TenSing, TweenSing, Gospelkoret og heile 8 kvinnegrupper. Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

Ulstein Ten Sing –årsmelding



Ansvarlig voksenleiar: Andreas Halle

Styreleiar: Eivind August Roos

Økonomileiar: Merete Håheim

Styret:

Øystein Grimstad Thormodsæter

Iver Fiskaa Ødegård

Anne Maria Langenes

Mathea Rosa Holte Grevstad

Silje Håheim

Maren Pieroth (Vara)

Ingrid Moldskred Nygjerde (Vara)

Betalende medlem pr. 21.12.2018: 49 stk.

Administrative endringer

Sommaren 2018 avslutta Beate Mjøen Berg sitt arbeidsforhold i Ulstein Sokn, gjennom denne stillinga har hun vært ansvarlig voksenleder for Ulstein Ten Sing. Andreas Halle tok i den sammenheng over rollen til Beate, samt Ruben Voldsund har gjennom sin stilling i Ulstein Sokn delt det administrative ansvaret. Det har vært jobbet med en digitalisering og effektivisering for å forenkle alle prosesser, dette er for å sikre videre drift av Ulstein Ten Sing på dugnad om Ulstein Sokn må legge ned sin stillingsprosent som inngår i Ulstein Ten Sing.

Hovedaktiviteter

Ulstein Ten sing har øving hver onsdag 19.00-21.30.

Vår – 2018

- Vinter treff 2018 – Stryn
- Feiring Ulstein Ten Sing 40 År
- Opptrådt på DRYPP Ungdomsgudstjeneste
- Sommeravslutning - Osnessanden

Høst – 2018

- Opptrådt på Ulstein Messa
- Matsalg på Fredheimbasar
- Øvingshelg
- Arrangert Gospel Night
- Juleball

Arbeid

Fra og med høsten 2018 har Ulstein Ten Sing endret arbeidsmetode for å prøve å nå ut til flere. Vi har gått fra å ha faste grupper, til å jobbe mer dynamisk sånn at alle får være med på alt. Gjennom høsten 2018 og våren 2019 blir det jobbet mot en stor konsert på Sjøborg 04. Mai. Vi har også fortsatt med “Eldreomsorgen” for de som går

Vurdering av arbeidet

Medlemstallet våren 2018 var stabilt sammenlignet med høsten 2017 (43 stk betalende, og snitt oppmøte på øvinger 29stk). Fra semesterstart i august 2018 har talet på medlemmer økt til 53 stk betalende, samt snitt på oppmøte har steget til 37 stk. I forbindelse med at vi bygger opp året, grupper og aktiviteter mot konserten i mai 2019, har engasjementet til ungdommene steget. Vi ser at en mer dynamisk måte å jobbe på gjør at flere tar ansvar og engasjerer seg i arbeidet mot et stort hovedmål. Ungdommene føler seg også mer inkludert, dette skjer siden at alle får delta på film, drama og dans etter ønske.

Styreleder: Eivind August Roos

Ansvarlig Voksenleiar: Andreas Halle

Ulstein Tween Sing - årsmelding



Styret har vore samansett slik:

Ståle Helvig
Norunn Ottesen
Vegard Aksnes
Ole Martin Grevstad
Marianne Follesøy Kaldhol
Wenche Mork

Leiar
Kasserar
Sekretær
Styremedlem
Styremedlem
Varamedlem

Styret har i 2018 vore samla tre gonger. Elles har styret drøfta saker undervegs. Vi er takksame for at korleiarane Ståle og Victoria tek seg av den daglege drifta av Tween Sing

Leiarar for koret 2018

Ståle Helvig og Victoria Kvalsund

Koret har gjennom arbeidsåret teke del ved desse arrangementa:

| | | |
|--------------|------|---|
| 28 januar | 2018 | Tårnagent gudsteneste i UK' |
| 10 mars | 2018 | UKM, Sjøborg |
| 2-3 juni | 2018 | Sosialtur/øving/overnatting på gamle Eiksund-skulen |
| 3 juni | 2018 | Gudsteneste/sommarfest på Kjeldsund |
| 8 september | 2018 | Ulsteinmessa |
| 30 september | 2018 | Gudsteneste i UK. Utdeling biblar 5 klassingar |
| 2 desember | 2018 | Lysvåken-gudsteneste |
| 6 desember | 2018 | Song på Alvehaugen |

Litt meir om 2018:

Eit høgdepunkt for Tween Sing dette skuleåret, var å bli med på UKM-mønstringa på Sjøborg. Der var dei aller først på programmert, og song «Glorious» (Macklemore Feat Skylar Grey).

Koret hadde ein overnattingstur på Eiksund gamle skule 2-3 juni. På programmet stod leik, mat, sosialt samvær, korøving og andakt. Eit viktig arrangement for

samhaldet i koret. Søndags morgen drog koret til Kjeldsund, der dei song på Ulstein kyrkje si gudsteneste/sommarfest.

Betalande medlemmer arbeidsåret 2017/2018: 17
Betalande medlemmer arbeidsåret 2018/2019: 15
Årskontingenget er sett til kr. 200,-

Ulsteinvik 12 februar 2018

Ståle Helvig, leiar

Gospelkoret - årsmelding

Styret vart vald den 05. april 2018 og har bestått av:

| | |
|--------------|------------------------|
| Styreleiar: | Karianne Svein Orvik |
| Kasserer: | Arnfinn Hanstad |
| Styremedlem: | Turid Berg-Rusten |
| Styremedlem: | Mari Haugen Lunde |
| Styremedlem: | Sverre Sæbø |
| Styremedlem: | Kristine Runde Ulstein |

Det har vore fire styremøte i 2018.

Dirigent, band og songarar:

Dirigent: Einfrid Grindheim
Orkesterleiar og piano: Bjørnar Hovlid
Bass: Tord Aksnes
Gitar: Ingen fast gitarist
Trommer: Peter Nygjerde (ved behov)

Songarar: 30-40 på kvar øving, totalt ca. 50 gjennom året.

Noteutvalet utarbeider repertoaret til koret kvar sommar. Dei trykker opp innbundne notehefte og samlar lydfiler på CD og Spotify. I år utarbeida dei også ein meir detaljert plan for kva songar som skal nyttast på ulike oppdrag. I 2018 har utvalet bestått av:

- Sverre Sæbø (styrerepresentant)
- Helge Flaché
- Kamilla Grimstad Hagen
- Bjørnar Hovlid
- Line Aksnes

Aktivitet i 2018:

| Januar | August |
|-----------|---------------|
| 09. Øving | 21. Øving |
| 23. Øving | 28. Styremøte |

| | |
|--|---|
| 28. Korkafé | September |
| Februar | 04. Øving |
| 05. Styremøte | 08. Songoppdrag Ulsteinmessa |
| 06. Øving | 18. Øving |
| 27. Øving | Oktober |
| Mars | 02. Øving |
| 06. Øving | 16. Øving |
| 13. Øving | 30. Øving |
| 20. Generalprøve | November |
| 21. Påskekonsert i Ulstein kyrkje | 01. Styremøte |
| April | 04. Songoppdrag gudsteneste, Ulstein kyrkje |
| 03. Øving + årsmøte | 13. Øving |
| 12. Styremøte | 27. Øving |
| 17. Øving | 30. Konsert med Arredondo og Sødal i Ulstein kyrkje |
| Mai | Desember |
| 15. Øving | 11. Øving |
| 27. Songoppdrag gudsteneste, Ulstein kyrkje | 16. Songoppdrag «Syng jula inn» og juleavslutning |
| 29. Sommaravslutning på Kjeldsund | |

- oppdatert medieplan

Saker det har vore jobba med som vi tek med vidare inn i 2019:

- planlegge korseminar til hausten
- evaluere av korets vedtekter

Ulsteinvik, 29.1.19

Karianne Sveen Orvik

Styreliar



Styrets arbeid i 2018

Styret har i 2018 i hovudsak:

- planlagt og gjennomført årsmøte
- planlagt og gjennomført alle songoppdrag, korkafé og konserter
- utført økonomiarbeid
- arrangert sommar- og juleavslutning
- laga i stand til pausar og andaktar på alle øvingar
- evaluert og justert samarbeidet mellom noteutval, dirigent og styret
- avslutta nettside
- rekrutteringsarbeid

Ulstein KFUK-KFUM Speidrarar – årsmelding 2018

Gruppeleiarar: Beate Hopland Langnes og Christfried Kaul

I Ulsteinspeidarane har vi desse gruppene: Stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4. klasse), vandrarjenter (5.-10. klasse), vandrargutar (5.- 10. klasse) og roverar (vidaregåande). Dette året har vi hatt omlag 170 betalande medlemmer.

Dei ulike gruppene har møte om lag annakvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mange grupper har fast leirplass. Vi har av og til felles troppsmøte, men for det meste møte kvar for oss.

Stifinnarane sine møte vert leia av vaksne, mens vandrarane er inndelt i patruljer som vert leia av patruljeførarar i ungdomsskulealder – nokre litt større patruljer saman med vaksne. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidarakтиветар som leirbygging og førstehjelp. Speidarane frå femte klasse og oppover har vore på fire overnattingsturar ute dette året. Desse har vore til bl.a. Dimna, Nessetelva og Speidarhytta, med overnatting under presenning.

Speidarane frå ungdomsskulen og oppover har vore på snøholetur og ein ekstra tur til Holesanden. På avslutningsturen til Hatløya før sommarferien deltok nesten heile speidargruppa. Over 100 speidararar sov under open himmel under trea på øya. Det var sporløp, leirbål og gudsteneste på programmet. Like kjekt kvart år.

43 speidarar frå Ulsteinvik deltok på Futura landsleir i 2018, som fann stad 30. juni - 7. juli 2018 i Lånke, Trøndelag

Ved hjelp kr. 50.000 stønad frå Sparebanken Møre fekk vi kjøpt 7 kanoar komplett med redningsvestar og padleårer. Kanotilhengaren skal bli kjøpt i 2019.

Vi har ikkje kome meir i gang med renovering av speidarhytta, men planane er der. Vi mottek mykje økonomisk støtte frå Max Bingo og dette er vi svært takksame for. Stor takk også til Roar Hatløy for sin årelange innsats som kasserar. Evi Hide Vattøy tok over som kasserer sommaren 2018.

Økonomien er stabil.

Etter sommaren tok Beate Hopland Langnes og Christfried Kaul på seg ansvaret som gruppeleiarar

med god støtte frå Birgitte Hareide Øvrelied. Bjørn Losvik har sluttat som leiar i 2018. Takk for innsatsen!

Desse er leiar ved årsskifte 2018/2019:


Gruppeleiarar er Beate Hopland Langnes tlf 97501470 og Christfried Kaul 91696820.

Kontaktpersonar for dei ulike patruljene:

- Stifinnar jenter: Silje Kiperberg Aksnes tlf 99379147
- Stifinnar gutter: Knut Einar Tokheim tlf 48170106
- Vandrar gutter f 2008: Lars Erling Bjästad Hovlid tlf 91635277
- Vandrar gutter: Christfried Kaul tlf 91696820
- Vandrar gutter: Reidar Kulø tlf 47894264
- Vandrar Jenter f 2003-2007: Tonje Øyehaug Ruud 98683712
- Vandrar Jenter f 2008 Birgitte Øvrelied tlf 91618890
- Tur: Torstein Vattøy tlf 91358739
- Roverkonge Tobias Solvang tlf 41759189.
- Andre leiarar: Gunhild Snipsøy, Wenche Kulø, Liv Astrid Langenes, Louise Ulstein, Mari Hagen, Vegard Aksnes og Kristian Rafteset

Ulsteinvik 10.01.2019

Christfried Kaul



K-grupper – årsmelding

Vi er no sju kvinnegrupper i Ulstein KFUK. Forbundsringen og seks K-grupper. Samlingane har vi i heimane. Nokre grupper møtast ein gong i månaden, andre grupper oftare.

Tema varierer: deleveldar av ulik slag, tema om tru og tvil, lese tekster frå bibelen.

Forbundsringen og k-gruppene er og viktige bidragsytere til arbeidet på Fredheim. Økonomiske bidrag feks eller deltaking på dugnadsarbeid som til dømes Fredheimbasaren

Kontaktpersonar for dei ulike gruppene er:

- Forbundsringen: Hilde Petra Brungot
- Gr 1: Gunn Randi Solstad Sønnesyn
- Gr 2: Gunn Hofset
- Gr 3: Gry Nordal
- Gr 4: Solveig Johnsen Dahl
- Gr 5: Birgit Kjoss Lyng
- Gr 6: Line Aksnes

Oppsummering av årsmeldinga 2018

Årsmeldinga viser at aktivitetane i Ulstein KFUK-KFUM har stort spenn og når innbyggjarar i alle aldrar.

Takk for at du var med i 2018, utan deg ville dette ikkje blitt det same. Velkommen med vidare i 2019!

For styret i Ulstein K/M, 17.02.2019

Silje Kiperberg Aksnes

